



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 1, 65. ÅRGANG, 2026



Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Ingrid Meyrick, Gunvor Hegge,
Marit Hegde, Oddveig Holdal Weeg og Eli Vatn.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

FRAMSIDE:
Teikning av: Kristine Steen Rogne

 DEN NORSKE KYRKJA
ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang,
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
KONTORTID: Alle dagar 10-14

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SOKNEPREST: Ola Viker Lunde	976 16 606
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARB.: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
KYRKJELYDSARB.: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 513422
Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Lene Viste

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Wenche Melbyråten

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Sokrates’
trippelfiltertest



Selv for kristne, kan det være fristende å høre og videre-
formidler sladder og rykter.

I historien om filosofen Sokrates fortelles det om hans
trippelfiltertest. Den kan brukes til vanlig sladder, men også
på informasjonen vi finner på sosiale medier. En av Sokrates’
disipler var ganske opprørt. Han fortalte Sokrates at han hadde
møtt en av Sokrates’ venner og at han hadde snakket dårlig om
ham.

Sokrates ba mannen om å roe seg ned. Etter å ha tenkt
en stund, ba han mannen om å vente et øyeblikk. Før han
lyttet til hva han hadde å si, måtte meldingen gå gjennom en
trippelfiltertest. Hvis meldingen ikke bestod testen, var den
ikke verdig å bli hørt. Som han alltid gjorde, spurte den greske
filosofen sin engstelige disippel: “Er du helt sikker på at det
du skal fortelle meg, er sant?” Disippelen tenkte et øyeblikk.
Faktisk kunne han ikke være sikker på om det vennen hans
hadde fortalt ham, faktisk var sant. “Så du vet ikke om alt han
sa om meg, er sant eller ikke,” sa filosofen. Disippelen måtte
innrømme at han ikke gjorde det. Så stilte Sokrates ham et
annet spørsmål: “Er det du skal fortelle meg bra eller ikke?”
Disippelen svarte at det åpenbart ikke var bra i det hele tatt.
Faktisk var det ganske motsatt.

Han trodde at det han ville dele med filosofen, ville føre til
ubehag og nød. Sokrates sa således til ham: “Du skal fortelle
meg noe dårlig, men du er ikke helt sikker på om det er sant”.
Disippelen innrømmet at dette var tilfelle. Så stilte Sokrates det
tredje og siste spørsmålet: “Kommer det du må si om vennen
min til å hjelpe meg?” Disippelen nøyte. Han visste virkelig ikke
om denne informasjonen var nyttig eller ikke. Kanskje det ville
skape en avstand mellom vennen og ham, men med tanke på at
han ikke var sikker på om det var sant eller ikke, var det kanskje
ikke nyttig i det hele tatt.

Sannhet, godhet og nytte: Til slutt nektet filosofen å lytte til hva
disippelen ville fortelle ham. “Hvis det du vil fortelle meg ikke
er sant, ikke er bra, og ikke engang er nyttig, hvorfor vil jeg høre
det?” sa han til slutt til disippelen.

Denne trippeltesten kan vi også bruke. Det sparer oss for mye
tid, og hindrer at unødvendig sladder sirkulerer.



Påskeevangeliet er
fantastisk. Det er
utgangspunkt for den største
rørsle av håp i heile verda.
Det er ei forteljing som gjev
menneske tru på livet og
kjærleiken – trass alt.

«Dette leitar mange etter no,
anten dei sver til Gud eller
ikkje», skreiv Aftenpostens
kommentator Nazneen Khan-
Østrem i ein kronikk rett før
påske i fjor. Der minna ho om
påska sitt grenselaust store
bodskap i møte med livets og
verdas bølgedalar, og la til:
«Jesus døyde trass alt ikkje
på krossen for at nordmenn
skal ha påskeferie.»

«Eg er redd for å bli redd»,
seier Peder (15) i NRK-
dokumentaren «Team
Pølsa». Det er fleire enn
meg som vart imponert
og rørt av dei seks
ungdommane og trenaren
deira, Øystein «Pølsa»
Pettersen. Seks ungdommar
med ulike diagnosar og
funksjonsnedsetjingar som
skal gjennomføre eit skirenn
under ski-VM i Trondheim.
Etter første episode byrja
eg berre å gråte. Eg vart
overvelda av det som
skylte over meg der eg sat i
godstolen.

Dei lever med diagnosar som
ikkje let seg lækja, og dei har
døden så tett på kroppen.
Dei er jo berre born! Og sjølv
om dei skulle klare å koma
i mål i skirennet, blir dei jo
ikkje lækja. Men Peder er
sterk og uthaldande, med
kjenslene utanpå kroppen og
med eit stort hjarte for alle.

Ja, eg trur på korsets gåte!

AV: BISKOP, OLE KRISTIAN BONDEN
FOTO: LARS MARTIN BØE



Utsnitt av altartavla i Lidar kyrkje.
Foto: Saskia Aleida Van Veen.

Og det er dei menneskelege
eigenskapane som rører meg
mest: mot, audmjukskap,
men òg sinne og korleis dei
er med kvarandre som lag.
Og då den beskjedne og
stillfarne Sunniva (14) – laget
si trygge hamn og kaptein
– held i stavane saman
med Syver (13), han som
inspirerer og tek utfordringar

på strak arm og ser løysingar
trass barnedemens og at han
ikkje lenger ser – og saman
køyrer ned den brattaste
bakken i Granåsen på isføre
og med dødsangsten i spora i
siste episode – då minner det
meg samtidig om håpet i den
tomme grava.
For kva er håp? Og kva slags
framtid kan vi håpe på?

Heilt sentralt i påska og i den
kristne trua er håpet. Håp
for oss sjølve og for verda –
basert på trua på oppstoda.
For det kristne håpet er noko
anna enn optimisme og tru
på framsteg og framgang.
Håpet som blir vekt ved
den tomme grava er noko
anna, forankra både i Guds
skaparvilje og Gudsrikets
lovnader.

Håpet handlar om kva slags
makt som er sterkast, og
kva slags Gud vi eigentleg
prøver å setje vår lit til. Det
er eit håp som er uløyselig
forankra både i krossen OG
den tomme grava. Det er
forankra i Jesus sjølv. Han
gjer at også vi kan halde fast
ved håpet om Guds nærvær
i lidinga, om oppreising på
botnen av tilværet og om
kjærleiken som er sterkare
enn døden.

Håpet om æva er kanskje
ikkje det vi er mest opptekne
av i vår tid, men håpet som
ligg i den tomme grava,
handlar i sitt djupaste om det
evige. Det handlar ikkje berre
om håpet om betre tider,
men om sigeren over døden
og dødskreftene, og at Gud
ein gong skal gjere alle ting
nye.

Det er kraft i dette, sjølv
om vi veit at vi alle skal døy
ein gong. Det gjev kraft til
håpet og ei framtid i livet
og kjærleiken sin retning –
uansett.

Vi er ein del av ei håpsrørsle.
God påske!



Verdivandring med Kristine Steen Rogne

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Eg blir glad når eg av og til skrollar på Facebook og ei av Kristine sine teikningar kjem opp. Dei lyser mot meg i eit overskot av glade fargar, strek og symbol. Kva ligg bak dei, undrar eg når eg ringer på døra heime hos Kristine.

Temperaturen ute gjer at samtalen skjer i sofaen, men utsynet er likevel som elles i Øystre Slidre, slående vakkert denne dagen.

- Kvifor teiknar du? spør eg når kaffien er helt i koppen.
- Då eg vart sjuk for nokre år sidan og måtte slutte å arbeide med demente, kjente eg at eg hadde meir varme i meg som eg gjerne skulle gitt til andre. Eg ville gjerne at det skulle vera til glede for nokon. Eg ville teikne med kjærleik. Eg har sjølv kjent på å trenge håp, og ville gjerne gje andre noko som kunne tenne håpet.

- Har du eit atelier?
- Nei, oftast sit eg med teiknebrettet i senga. Denne plassen fungerer best i forhold til smertene sjukdomen gir meg. I tillegg til gleda over å teikne er det også ei form for medisin for meg. Det hjelper meg til å fokusere på andre ting, slik at merksemda på smertene blir mindre medan eg konsentrerer meg om å teikne.
- Eg har lagt merke til at du ofte teiknar saman med dotter di?
- Ja, vi likar å teikne i lag. Av og til teiknar ho ein katt eller noko eg kan spinne vidare på, eller ho tykkjer noko manglar i teikninga mi og teiknar det inn. Ho kan teikne alt mogleg som ikkje eg kan teikne, dyr for eksempel. Ho kan teikne eit «motivasjons-sitat», og så arbeider eg vidare på det.
- Så fint og spanande!
- Ja, det er kvalitetstid; for eksempel når ho kjem heim frå skulen og vi

teiknar og pratar om kva som har hendt den dagen.

- Har du alltid vore glad i å teikne?
- Ja, eg var glad i det som barn. Å teikne og å lese. Når det var litt tøffe tider, var det fint å kunne drøyme seg bort i teikning og lesing. Men så vart det eit opphald ei stund.
- Eg teikna mykje sjølv då eg var lita, gjekk òg eit par år på formingsskule, men eg synest det har vore vanskeleg å ta opp att; trur det har litt å gjere med at eg var oppteken av å teikne det eg såg, og som vaksen har eg kome ut av trening.
- For å sitere Munch; eg teiknar ikkje det eg ser, men det eg såg. Det kan vera ein situasjon eg har vore oppe i, eller noko eg har tenkt. Eg teiknar ikkje noko eg ser, men kan bli veldig inspirert av ting eg ser; som eit tre for eksempel.
- Ja, noko i bilda dine kan minne om Munch. Noko med dei bølgende streka, kanskje.



Eksempel på teikning saman med dottera.

- Det var veldig inspirerende å vera i Munchmuseet og sjå bileta hans.
- Eg har lagt merke til at det har skjedd ei utvikling i bileta dine; dei fyrste eg såg var enklare på ein måte; meir luft, men etter kvart er dei blitt meir og meir fylde av strek, brodert ut på ein måte. Kan du seie litt om teknikken?
- Eg brukar blekkpenn og tusj og byrjar gjerne med eit godt ord eller sitat, og så går det av seg sjølv i grunnen.
- Når eg ser teikningane, ser det ut som dei er teikna med meditativt, det minner om mindfulness.
- Å teikne kan verke mest slik, ja. Det kan kjennast som å teikne seg vekk, men òg som ein måte å bearbeide tankar og opplevingar. Det går inn på meg at folk har det vanskeleg, slik kan teikninga hjelpe meg å bearbeide, men og forhåpentlegvis vera noko som kan gje håp. Orda tru, håp og kjærleik går

igjen, og eg er svært glad i englar.

- Kvifor englar?
 - Eg hadde ein bestefar som var predikant og som fortalte at han hadde møtt ein engel ein gong, og eg trur ikkje han ville lyge for meg. Men mest ser eg englar i menneskeskikkelse.
 - Å vera ein engel kan jo henge saman med behovet for å gje noko.
 - Ja, gje og få. Det kjennest betre å gje enn å få. Bestemor mi sa alltid: Det kjem ingen ting inn i ei lukka hand. Ein må tørre å opne seg, vera opne for andre. Eg er spesielt oppteken av mental helse, spesielt hos unge, men og hos vaksne. Det er viktig at vi tør å inkludere ein til i gjengen. Eg har sjølv hatt så stor glede av å ha kameratar av ungane mine på besøk. Det kan verke skummelt å skulle gje noko av seg sjølv, men eg får mykje attende.
- Ei stund teikna eg kort og selde til inntekt for Mental helse for ungdom. Det var meningsfylt, men ein sender ikkje så ofte kort lenger.
- Eg synest sjølv det er fint med det som er meir personleg, sjølv om det er litt skummelt å gje bort noko ein har laga sjølv. Men om berre ein kommenterer at teikningane har gitt vedkommande noko, så gjer det meg godt å høyre om det. Som når ein mann på 98 år ser teikningane mine og seier at dei har løfta han eller gitt han noko.
- Eg får lyst til å fritt sitere Erling Stordahl: «Eg trur på noko stort, at vi treng kvarandre, og av det gror lyset.»
 - Det var eit fint sitat – kanskje noko å teikne ut frå.
- Kaffikoppen er tom, men hjarta er fylt av dette lyset når eg no takkar for praten og tek farvel.

MIN SALME



«Blå salme»

av Erik Bye, som dette året ville ha fylt 100 år.

Erik Bye sin «Blå salme» kom inn i salmebøkene i 2013. Jeg liker «Blå salme» fordi den skaper en rolig og ettertenksom stemning. Den løfter frem håpet uten å legge skjul på livets tyngde, og den setter ord på den stille styrken som finnes i fellesskap, godhet og tro. For meg er salmen enkel, vakker og full av mening.

Den minner meg om hva som betyr noe, og om at det finnes lys og varme selv i det som kan kjennes mørkt. Den rommer både trøst og håp, uten å være påtrengende. Den får meg til å føle, tenke og stå litt stødigere i meg selv.

- Hilde Skrebergene

*Jeg synger meg en blå, blå salme
Når dagen svinger hatten til farvel
Og ror med sakte åretak mot strender
Dit alle dager ror når det blir kveld
Da søker jeg min hvile
Ved treets trygge rot
Mens sankthansormer gløder grønt
I gresset ved min fot
Da synger jeg min salme*

*Jeg synger meg en blå, blå salme
Og takker for all grøde som ble min
For lyse døgn, for barneskritt i tunet
Og dine gode kjærtegn mot mitt kinn
Men òg for våkenetter
Som aldri unte ro
Men gav min dag et dunkelt drag jeg aldri helt forsto
Da synger jeg min salme*

*Jeg synger meg en blå, blå salme
Til deg, du Hånd som sanker og som sår
Og senker deg med signing over jorden
Med legedom for alle våre sår
Som byr oss rette ryggen
Stå opp og gå i strid
Med løftet hode skal hver sjel
Gå inn i Herrens tid
Så synger vi vår salme*





Ola med hyrdestaven, vår nye kyrkjelege hyrde.



Fungerande prost Janne Sukka, sokneprest Ola Vikar Lunde, klokkar Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum og soknerådsleiar i Rogne, Wenche Melbybråten. Foto: Ove Ekerbakke

Velkomen til Ola Vikar Lunde

TEKST OG FOTO: MARIT HEGDE

Sundag 11. januar vart Ola Vikar Lunde formelt innsett som ny sokneprest i Øystre Slidre i Rogne kyrkje. Han kom rett frå gudstenesta i Hegge, der han hadde leitt etter den bortkomne sauven saman med ungane.

Sauven vart visst funnen litt for tidleg!

Innsettingsbrevet vart høgtideleg opplese av soknerådsleiaren, Wenche Melbybråten, og han vart ynskt til lukke med det nye embetet av fungerande prost, Janne Sukka. Ho fortalde at dei hadde studert saman for mange år sidan.

Ola fortalte at han hadde hatt ei gudsteneste i Volbu kyrkje i fjor, og etter å ha kjent på stemninga og varmen i folka der, drog han rett heim og søkte stillinga hjå oss.

Preiketeksten denne sundagen var frå Lukasevangeliet, der Jesus fortel om hyrden som passer på sauene sine, slik at det ikkje skal hende dei noko vondt. Han kjenner sauene, og dei kjenner han.

Det var difor fint at han hadde med seg hyrdestaven, det

markerte at han er vår nye kyrkjelege hyrde.

Det var samla folk frå alle sokna i kyrkja denne dagen, det er fint når alle er med og syng dei fine salmane våre.

Velkomen til oss, Ola!


Vi håpar at vi får eit godt samarbeid, du tek vare på oss der du møter oss som kyrkjelyd og som medmenneske, og vi vil prøve å møte deg med openheit og tillit.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi i kyrkjestogo. Alle sokneråda var med, og vi fekk raust med gode blautkaker og kaffe, te eller saft.

Emil H. Bergene spelte flott på torader, og praten gjekk lett rundt borda. Ola fekk nok ei tale frå prosten, frå kollega Ingebjørg Vik Laugaland og frå klokkar Anne-Britt S. Hansen-Sørum.

Ola har ein lang reiseveg, og vil ha to gudstenester same sundag. Kona og dottera var med denne dagen, og kanskje får vi sjå dei andre sundagar óg.

Då er denne felles reisa vår i gang!



Den gylne times vener

TEKST: ELI VATN FOTO: OLA VIKAR LUNDE

Då eg i sist nummer av På kyrkjeveg takka Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum for den utrøyttlelege innsatsen som «fadder» for Den gylne time, skreiv eg at det var med glede eg kunne notere at Den gylne time ville fortsette fordi fleire av dei andre prestane i Valdres var interesserte i å komme og forrette. Verre var det å tenke seg at Anne Britt kunne bli erstatta. Og rett nok skal det meir enn ein til å erstatte henne, og det har vi. I alt åtte vener av Den gylne time har no teke på seg oppgåva å stå i døra og ta imot folk som kjem til Lyskapellet og Den gylne time. Åtte menneske som har sett pris på og gjerne vil vera med og halde Den gylne time i gang.

Som «mor» for Den gylne time er det så godt å sjå at han er liv laga også etter mi tid. Og sjølv sagt vil eg òg vera ven av Den gylne time og gler meg no stort over å kunne sitje ned i benken og nyte roa og impulsane eg får der.



Vener av Den gylne time. Eli Vatn, Anne Marthe Hesjadalen og Ingrid Karin Sloreby Meyrick.

Vår nye sokneprest har sagt seg villig til å vise sine fire stolaer, forklare symbola som er brukt og korleis desse fylgjer kyrkjeåret både i fargar og symbol.

Ein stola er eit farga, 8-12 cm breidt band som prestar og diakonar ber over den kvite, vide drakta, albaen, den liturgiske drakta dei har. Prestar ber stolaen over akslene slik at stolastolpane heng rett ned. Diakonar ber stolaen på kryss over bringa frå venstre skulder og samlar stolpane på høggre sida. Stolaen var opprinneleg ein duk til å legge på venstre skuldra og vart brukt til å turke sveitte med.

De fire stolaer. Del 1

TEKST & FOTO: OLA VIKER LUNDE

Fargene er en viktig del av kirkens symbolspråk. De er med på å berike liturgiene og er synlige uttrykk for kirkeårstider og feiringer. Gjennom kirkens historie har forskjellige farger og fargenyanser vært i bruk, avhengig av tradisjon, geografi og kultur. Det er fire liturgiske hovedfarger som går igjen.

a. Hvitt (eller gyllent) er fargen for Kristus-høytidene, fest og glede.

b. Fiolett er fargen for forberedelse, bot og sorg.

c. Rødt er fargen for Ånden og kirken, blod, ild og martyrium.

d. Grønt er fargen for vekst og livskraft.

I den tiden vi er inne i nå, er det fiolett som er fargen. Denne bruker vi i fastetiden og adventstiden, samt i gravferder.

FASTEN er perioden i kirkeåret før påsken. Denne perioden er en tid for bønn, rette oppmerksomhet mot Gud og medmennesker. I dag finnes det mange måter å markere fasten på. Fastetiden er en tid for forberedelse til påsken – da Jesus døde og sto opp fra de døde. De 40 dagene fasten varer, er også en påminnelse om Jesu 40 dager i ørkenen, der djevelen forsøkte å friste Jesus tre ganger.

ADVENT er forkortelsen for Adventus Domini, eller Herrens komme. Adventstiden er forventningens tid. Gud skal komme for å bo iblant oss. "Adventus Domini" var et uttrykk som i Romerriket ble brukt om tida like før en betydningsfull person skulle gjeste en by eller et sted. Da var det mange ting som skulle gjøres i stand. Dette er gjenkjennelig for oss også, både med alle forberedelsene til høytiden, men også at vi skal gjøre tanke, sinn og hjerte klart for å ta imot Jesus. Adventtidens farge er fiolett – fargen for bot og selvransakelse. I gammel tid ble disse ukene regnet for fastetid på linje med tida før påske. Dette preget kommer også til uttrykk i tekster og bønner gjennom adventstida. Samtidig har advent alltid vært mer preget av glede og forventning enn fastetiden før påske. Fiolett er en blanding av rød, jordas farge, og blå, himmelens farge. Advent, og den fiolette fargen, peker altså framover mot det som skal skje: Himmel og jord møtes i Jesu fødsel.

GRAVFERD: En begravelse er en anledning til å si farvel, takke for livet som har vært og for å samles i sorgen. I kirken får du en personlig avskjed med avdøde, uansett. Rammen er meningsfylt og trygg. Vi overlater sammen den døde i Guds hender. I begravelsen deles minneord, tekster, bønner, musikk og salmer – alt sammen bærer budskap om det kristne håpet om at kjærligheten er sterkere enn døden.

SYMBOLIKKEN PÅ MIN STOLA:

NØKKELN: Ifølge Matteus-evangeliet kapittel 16, vers 19 ga Jesus himmelrikets nøkler til Peter: "Det du binder på jorden, skal være bundet i himmelen, og det du løser på jorden, skal være løst i himmelen." Makten tilkommer ifølge katolsk syn Peter og hans etterfølgere (latin Claves Sancti Petri), pavene, som igjen delegerer den til prestene. I Johannesevangeliet kapittel 20, vers 23 gjelder nøkkelmakten apostlene: "Dersom dere tilgir noen syndene deres, da er de tilgitt. Dersom dere



fastholder syndene for noen, er de fastholdt." Ifølge luthersk oppfatning tilhører nøkkelmakten menigheten som sådan, men den utøves gjennom menighetens fullmakt, særlig av prestene. I den kirkelige disiplin har nøkkelmakten nær sammenheng med skriftemålet.

FOR MEG: Nøkkelen symboliserer min oppgave, som er å gi kunnskap og kjennskap til Jesus, han som ER døren inn til livet.

LYSET: Lyset kan stå for vårt forhold til Kristus.

Matteus 5,15- 16. "Og når en tenner et lys, setter en det ikke under et kar, men i en stake, så det lyser for alle i huset. Slik skal også deres lys skinne for menneskene, så de kan se de gode gjerninger dere gjør, og prise deres Far i himmelen!" Lys kan også stå for den innflytelse vi har på andre gjennom vårt liv.

Markus 4,21. "Han sa til dem: Når en kommer inn med et lys, blir det da satt under et kar? Eller under sengen? Settes det ikke i staken?" Jesus er lyset.

Johannes 1,4- 5. "I ham var liv, og livet var menneskenes lys. Og lyset skinner i mørket, men mørket tok ikke imot det."

FOR MEG: Jeg er på søken etter sannhet og lys. Lys symboliserer håp. Håp i mørket. Som kristne skal vi være lys for andre.



Rogne sokneråd ynskjer å takke hjarteleg for gáva på kr 30.000 som vart gitt til Rogne kyrkjestogo etter Jan Ole Tidlund sitt ynskje. Signe minnet.



KYRKJELEGE HANDLINGAR NOVEMBER 2025 – MARS 2026

DÅP

HEGGE STAVKYRKJE
William Philip Andre Bye-Thue

LYSKAPELLET
Olivia Lien Kihle
Fredrik Petersen Sælid
Lykke Norum Rosendal

VOLBU SOKN
Hermine Volden Kjørli

VIGSEL

ROGNE KYRKJE
Simona Genisaukaite og
Markus Sivesind Melbye

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Olaug Sætre Hovi
Harald Hovi
Kjell Borgar Brenden
Astrid Helene Høgden Sebuøygard
Lene Sofie Janitz

HEGGE STAVKYRKJE
Oleksandr Nudha
Anne Marie Beito
Sverre Dahle

VOLBU KYRKJE
Torgeir Onstad
Harry Charles Jensen
Einar Moen

Æ du heime?

TEKST: MARIT HEGDE FOTO: ODDVEIG HOLDAL WEEG

Det er eit uttrykk i Valdres som eg likar godt. «... Å stikke inn i døre te inan..»

Det betyr nok meir enn berre å stikke hovudet inn, men at vi kan gå til kvarandre utan at det skal vera høgtideleg invitasjon fyrst, heilt spontant.

Det å berre banke på hjå kvarandre når vi dreg forbi, å ikkje vera redd for at det ikkje passar – det gjer da ikkje noko? Vi kan koma att ein annan gong!

Eg trur vi gjer dette for sjeldan. Kva er vi redde for? Vi gjorde då dette meir før i tida? Så blei det ein kaffekopp og ein kjeks, ei brødskeive eller eit knekkebrød med syltetøy – eller berre kaffe, alt var lov! Så sat vi saman i eit kvarter eller to timar, alt etter som det passa.

Mi erfaring er at slike stikk-innom-møter ofte fører til gode samtalar, vi møter kvarandre i kvardagen, utan fint bretta serviettar eller prakfulle bakverk. Vi er kanskje meir oss sjølve?

Det er nok nokon som føler seg litt utanfor i større lag, som ikkje er så flinke til småprat, og som kanskje kjenner på at folk har tankar om dei som gjer at dei ikkje kjenner seg trygge.



KYRKJEVERTJEN HAR ORDET

BLI KYRKJEVERT I HEGGE STAVKYRKJE – EI VARM, ENKEL OG VIKTIG SOMMAROPPGÅVE

Når dørene i Hegge stavkyrkje opnar for sommarbesøk, er det ikkje berre den vakre stavkyrkja som møter folk – det er også eit smil, eit «hei» og eit medmenneske som gjer opplevinga litt varmare. Sommaren 2026 blir tredje sommaren der frivillige kyrkjevertar bidreg til at både sambygdingar og tilreisande får ei god oppleving av kyrkja vår. Dette har vist seg å vere eit hyggeleg, meningsfullt og populært tiltak for alle involverte.

EI OPPGÅVE ALLE KAN VERE MED PÅ

Som kyrkjevert har du ei enkel men viktige oppgåve:

- ta imot besøkande med eit smil
- vere til stades og ha eit auge med kyrkjerommet
- bidra til ein open, trygg og fredfull stad for både ettertanke og nysgjerrigheit

Du treng ikkje forkunnskapar korkje om kyrkjeehistorie, arkitektur eller teologi. Du er ikkje guide, og du skal ikkje halde foredrag. Vi har gode brosjyrer på fleire språk som tek seg av formidlinga. Det viktigaste du bidreg med, er ei vennleg hand og eit tilgjengeleg nærvær.



DÅ er det bra med slike kvardagsmøter «inn i døre». Eg vil koma med ei utfordring: At vi «stikk inn i døre» til nokon som vi kjenner godt eller berre litt, eit par gongar denne våren. Så tek vi opp denne tradisjonen og gjer det på ekte - og ikkje berre seier det!

Kanskje kjem det ei «5 på bygda»-utspørjing om temaet i neste nummer av kyrkjebladet?

TRIVELEGE STUNDER FOR BÅDE VERT OG GJESTAR

Dei fleste som kjem innom, er svært glade for at kyrkja er open, og mange uttrykkjer stor takksemd. Nokre har reist langt, andre stoppar spontant på veg forbi. Mange av kyrkjevertane fortel om fine samtalar, rolege stunder og ei kjensle av å gjere noko som betyr noko – både for kulturen og for enkeltmenneske.

Vi legg også stor vekt på fellesskapet. Alle nye som blir med får god opplæring, og kaffikoppen og praten er ein naturleg del av miljøet rundt kyrkjevertane.

GRATIS INNGANG – OG DI HJELP GJER DET MOGLEG

Det er viktig for oss at Hegge stavkyrkje skal vere open for alle-utan betaling. Frivillige kyrkjevertar gjer dette mogleg og bidreg til at vi kan tilby eit levande og godt rom i kyrkja gjennom heile sommaren. Dette set både tilreisande og lokalbefolkning stor pris på.

HAR DU LYST TIL Å VERE MED?

Vi søker etter fleire som vil bidra med ein formiddag eller to i løpet av sommaren. Om du er pensjonist med litt tid til overs, eller berre ønskjer ei roleg og meningsfull avveksling i kvardagen, er du hjarteleg velkomen med på laget.

Ein liten innsats frå deg gjev mykje attende – både for deg sjølv og for alle som tek turen innom ei av dei vakraste kyrkjene i dalen. Hegge kyrkje er også hovudkyrkja vår i Øystre Slidre, så vi håpar at du melder deg anten du soknar til Hegge eller ei av dei andre kyrkjene i bygda.

VIL DU VITE MEIR ELLER MELDE DEG SOM KYRKJEVERT?

Ta kontakt med kyrkjevertjen Ove Ekerbakke på telefon 48140309 eller e-post oe777@kyrkja.no.

Vi håpar at nettopp du blir med inn i fellesskapet i Hegge stavkyrkje sommaren 2026.

Barnesida

4 Utdeling av års-bøker

Frå venstre:

LIDAR KYRKJE 11. JANUAR: Amund Sørum Strand og Miriam Aurora Nordbyhagen.

HEGGE STAVKYRKJE 25. JANUAR: Lucas Oldre Markrud

HEGGE STAVKYRKJE 25. JANUAR: «Har vi funne alle sauene?» Her måtte det teljast.

Bilete under:

ROGNE KYRKJE 8. FEBRUAR: Til saman sju 4-åringar fekk bok i Rogne kyrkje – her er seks av dei: Iver Engen, Othilie Nygård Skogen, Cecilie Bø Bergli, Mari Myreng, Mailen Hovda Kolstadbakken, Mari Bolstadbråten Moe.

(I Volbu kom det ingen fireåringar). Alle foto: Marianne Straum



VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

Mars

29 03 2026 Rogne kyrkje kl. 11.00
Palmesundag Høgmesse og dåp ved
sokneprest Ola Vikar Lunde

29 03 2026 Ø.S helsetun kl. 16.30.
Palmesundag. Gudsteneste ved sokneprest
Ola Vikar Lunde. Kyrjekaffi ved Lidar
sokneråd

April

02 04 2026 Lyskapellet kl. 17.30
Skjærtorsdag. Den gylne time med nattverd
ved sokneprest Ola Vikar Lunde

02 04 2026 Volbu kyrkje kl. 19.30
Skjærtorsdag. Høgmesse ved sokneprest
Ola Vikar Lunde

03 04 2026 Vangsøyen kl. 11.00 Langfredag.
Påskefjellgudsteneste.

03 04 2026 Lidar kyrkje kl. 19.30
Langfredag. Pasjonsgudsteneste ved
sokneprest Ola Vikar Lunde

05 04 2026 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Påskedag. Høgtidsmesse og dåp ved
sokneprest Ola Vikar Lunde

19 04 2026 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Ola Vikar Lunde

26 04 2026 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Ola Vikar Lunde

Mai

03 05 2026 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Ola Vikar Lunde

17 05 2026 Utanfor Ø. S. Helsetun
Gudsteneste ved sokneprest Ola Vikar
Lunde. Tidspunkt: Sjå 17. mai program for
Øystre Slidre.

25 05 2026 Ø. S Helsetun kl.11.00
2. pinsedag. Gudsteneste ved sokneprest
Ola Vikar Lunde

25 05 2026 Rogne kyrkje kl. 19.30
Samtalegudsteneste ved sokneprest Ola
Vikar Lunde

31 05 2026 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste og dåp ved sokneprest Ola
Vikar Lunde

Juni

07 06 2026 Volbu kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Ola Vikar
Lunde

07 06 2026 Rogne kyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Ola Vikar
Lunde

14 06 2026 Lidar kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Ola Vikar
Lunde

14 06 2026 Hegge stavkyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Ola Vikar
Lunde

28 06 2026 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse og dåp ved vikar

Årets konfirmantar

Volbu kyrkje 07. juni kl. 10.30

Vetle Hegge Blomlie
Aleksander Scelys
Justas Scelys
Ole Helle Steinsrud
Kristina Alund
Solveig Onstad
Vårin Håvelsrud Svarre

Rogne kyrkje 07. juni kl. 12.30

Vetle Nybråten Damstuen
Terje Elias Hines Giljarhus
Kristian Wangen Kolstadbakken
Brage Berger Myreng
Sander Rogne
Martin Bergli Skogen
Jørn Aron Aasdokken
Åsne Engen Andersen
Synne Underdal Breiseth
Ella Heensåsen Fauske

Lidar kyrkje 14. juni kl. 10.30

Marcus Røgden Lykken Melby
Juul Müller
Sondre Smedvig Nordmeland
Kristian Stalenget
Emil Hedalen Skaret
Oliver Tvenge
Malene Hulen Bjørk
Jolinde Goretzka
Vilde Uhre Haalien
Bertine Skrebergene Lykken
Tomine Nilsen
Ingrid Aasdokken Robøle

Hegge kyrkje 14. juni kl. 12.30

Trym Brusveen
Sofie Gram-Sebu
Håkon Andre Hansen-Rakstad
Synnøve Berge Aastveit



Tårnagent i Lidar kyrkje 2. mai 2026

Ei helg der born kan
utforske og oppleve
kyrkjebygg, klokketårn
og symbol m.m.

Alle 3.-klassingar i Øystre Slidre får eigen
invitasjon.

Om du ikkje får invitasjon, ta kontakt med
kyrkjelydsarbeidar Marianne Straum
tlf. 901 21 647.

Alle er hjarteleg velkomne!

Babysong

24. mars, 14. april, 5. mai, 26. mai og
16. juni i Rogne kyrkjestogo.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg
velkomne saman med foreldra til ei
koseleg stund med song, musikk og lett
servering.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Salmekveld

23. mars, 13. april, 4. mai og 15. juni i
Rogne kyrkjestogo kl. 19.00. Me samlast
til salmesong, kaffi og god prat.

www.skjerikirken.no -er ei
felles infoside om alt som skjer
i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE: www.kyrkja.no/oystre-slidre
FACEBOOK: /Kyrkja-i-Øystre-Slidre
Her fortel vi om hendingar og
opplegg knytt til kyrkjer og
kyrkjeliv i kommunen.